

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:** Haugesund sjukehus Møterom Føretaksleing 6.etg.  
**MØTETIDSPUNKT:** 04.04.16, KL.13.00

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Liv Kari Eskeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem

### FORFALL FRA STYRET

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth H. Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

Jan Håvard Frøyland	Økonomisjef
Laila Nemeth	Prosjektdirektør Bygg Haugesund 2020

**SAKLISTE****UNDERLAG**

Sak 009/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 010/16	Godkjenning av protokoll 21.12.15	Vedlagt
Sak 011/16	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 012/16	Årsmelding og årsrekneskap Helse Fonna HF	Vedlagt
Sak 013/16	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 014/16	Konseptrapport Haugesund sjukehus	Vedlagt
Sak 015/16	Styringsdokument Helse Fonna HF 2016	Vedlagt
Sak 016/16	Særavtalar til tenesteavtale nr.4 om kommunale Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod	Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 017/16	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt
------------	---------------------------------	---------

Unnateke offentlegheit jf. Lov om helseføretak § 26a, 4. ledd

Sak 018/16	Forhandlingsfullmakt for lønnsoppgjeret 2016	Vedlagt
------------	--	---------

---

**Sak 009/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Vedtak [samrøystes]**

Styret var samde om at sak 012/16 blir behandla før sak 011/16

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 010/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 29.01.16****Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 29.01.16

## Sak 012/16 Årsmelding og årsrekneskap Helse Fonna HF

### Oppsummering

Statsautoriserte revisorar Ernst & Young ved statsautorisert revisor Tommy Lothe presenterte oppsummering av årsoppgjer 2015.

Revisor antyda ei rein revisorberetning 2015 og leverte den til styreleiar etter vedtak.

Styret og revisor gjennomførte eit lukka møte etter behandlinga av årsrekneskapet.

### Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner årsmelding med dei endringane som framkom i styremøtet og årsrekneskap for 2015
2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2016. Jf. note 6 i årsrekneskapen

## Sak 011/16 Administrerande direktør si orientering

### 1. Rapportering tilsynssaker

Viste til vedlagt notat.

### 2. Oversikt over aktuelle høyringar

Viste til vedlagt notat.

### 3. Grønt sjukehus

Helse Fonna er sertifisert som «grønt sjukehus». Direktør for Internservice Leif Terje Alvestad orienterte om organisering av Grønt sjukehus i Helse Fonna og om prosessen fram mot ISO sertifisering primo mars 2016.

### 4. Turnover – medarbeidarkategoriar

Administrerande direktør orienterte og viste til vedlagt notat

### 5. Prosjektdirektiv. Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i nasjonal helse- og sjukehusplan

Administrerande direktør orienterte, svarte ut spørsmål om grunngjevinga for prosjektet, prosess, samansetning av prosjektgrupper, mandat og innhald i prosjektdirektivet som mellom anna oppgåvedeling og felles mottak av tilvisingar i føretaket.

## 6. Barnehage

Administrerende direktør orienterte om at Espira barnehagar har tatt kontakt for å gje til kjenn at dei ikkje ønskjer å forlenge leiekontrakten.

### Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

### Sak 013/16 Rapport frå verksemda

#### Oppsummering

Akkumulert er det økonomiske korrigerede resultatet på 3,6 millionar kroner mot budsjettert overskot på 6,7 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 3,0 millionar kroner. Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 8,9 millionar kroner. Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig negativt avvik på 3,8 millionar kroner. Personalkostnadane inkludert innleie av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 3,2 millionar kroner. Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 3,1 millionar kroner.

Pr februar månad synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 3,3millionar kroner. Det utgjør 3,1 % av det samla budsjettet for 2016.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 448,1 millionar kroner, noko som er ei forbetring på 71,7 millionar kroner i forhold til førre månad.

#### Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk

Tal DRG poeng, sjukehusopphald er høgare enn planlagt, dagbehandling og polikliniske konsultasjonar noko lågare en plan.

#### Ventetid

Ventetida for alle behandla pasientar er 59 dagar, som er innanfor målkravet på 65 dagar. I styringsdokumentet for 2016 har eigar krevd at ventetida innan vaksenpsykiatrien skal vere under 45 dagar, innan barne- og ungdomspsykiatrien under 40 dagar og innan rusfeltet under 40 dagar. Det er berre innanfor vaksenpsykiatrien at føretaket er innanfor dei nye målkrava. Det er 26 pasientar på ventelistene i heile føretaket som har venta meir enn eitt år.

**Fristbrot** var det lågaste på fleire år ved utgangen av februar. Totalt var det 22 pasientar med fristbrot (0 %, ventande og behandla). Det var berre 4 ventande pasientar med fristbrot ved slutten av månaden. Dei aller fleste fristbrota var innan somatikken.

#### Korridorpasientar

Talet på korridorpatientar har gått opp til 3 prosent. Det var 235 korridor døgn i månaden.

### **Epikrisetid**

4 av 5 epikriser blei sendt innan fristen.

### **Utskrivingsklare pasientar**

I januar måned var det 89 pasientar som tilsaman låg 467 døgn i sjukehusa i Helse Fonna medan dei venta på eit kommunalt tilbod. Det er framleis kommunane Karmøy, Kvinnherad og Stord som har dei største utfordringane med mange utskrivingsklare pasientar og liggedagar. Dette har vore særleg krevjande for både Stord og Haugesund sjukehus som har hatt korridorpatientar og stort overbelegg. Det er halde møter med dei aktuelle kommunane, og det er utarbeida tiltak som skal redusere presset på sengepostane i sjukehusa.

I februar var talet på utskrivingsklare liggedøgn bortimot halvert frå januar. Det er berre Stord kommune som også denne månaden har ei auke i talet på utskrivingsklare døgn.

### **Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern**

Tal døgnbehandling og polikliniske konsultasjonar for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan. innan BUP er polikliniske konsultasjonar og lågare enn plan.

### **Sjukefråvær**

Sjukefråvær pr. februar er 7,6 %

### **HMS**

I desember 2015 var det meldt 282 saker til meldesystemet Synergi. 38% av sakane i desember gjeld pasientar. 10% gjeld HMS/tilsetteskadar. Dei tilsvarande tala for 2014 var 40% pasientretta og 8% HMS/tilsetteskadar.

I 2015 er det meldt inn 3423 saker. Tilsvarande tal for 2014 var 2826. Det er ein auke på 21 %. Dette kan vi tolke som eit teikn på at meldekulturen er i ferd med å bli betre.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

## **Sak 014/16 Konseptrapport Haugesund sjukehus**

### **Oppsummering**

Brev frå Tore Nedland datert 28.03.16 blei delt ut til styremedlemmene før styrebehandling av sak 014/16.

Administrerende direktør viste til vedlagt styresak og orienterte om prosessen frå utviklingsplan til konseptrapport. Det blei vist til dei ulike alternativa som er utgreidd i konseptfasen og føringar for utvikling av scenarier og utgreiingar i konseptfasen. Resultata av den kvalitative evalueringa blei det orientert om.

Ekstern kvalitetssikringsrapport (KSK) utført av Deloitte blei systematisk gjennomgått.

Administrerende direktør svarte ut spørsmål etter presentasjonen.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF tek Konseptrapport med vedlegg for Haugesund sjukehus til etterretning
2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner at Vestalternativet for Haugesund sjukehus blir vidareført til forprosjekt
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende vedtak og konseptrapport med vedlegg til Helse Vest RHF for vidare handsaming
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør ivareta dei punkta som blir nevnt i KSK rapporten og halde styret i Helse Fonna HF fortløpande informert om det vidare arbeidet.

## **Sak 015/16 Styringsdokument Helse Fonna HF 2016**

### **Oppsummering**

Gjennom styringsdokumentet gir Helse Vest RHF helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2016. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Styringsdokumentet for Helse Fonna for 2016 blei gitt i føretaksmøte 01.03.16.

## **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tek styringsdokumentet for Helse Fonna HF 2016 til etterretning.

### **Sak 016/16 Særavtalar til tenesteavtale nr. 4 om kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbod**

#### **Oppsummering**

Kommunane har frå 1. januar 2016 lovpålagd plikt til å etablera døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp. Det er stilt krav til at kommunane inngår eigen særavtale med helseføretaket for å sikre fagleg kvalitet og oppfølging av det kommunale tilbodet.

Kommunane Utsira, Bokn, Sveio, Vindafjord og Etne har inngått avtale om vertskommunesamarbeide med Haugesund kommune for lokalisering og drift av kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. Tre av kommunane, Utsira, Sveio og Bokn, har nå inngått særavtale med Helse Fonna, medan dialogen med dei to andre kommunane, Vindafjord og Etne ikkje er klar enda

## **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner særavtalar knytt til tenesteavtale nr. 4 om kommunalt øyeblikkeleg hjelp-tilbod med døgnopphald i tråd med framlegget for kommunane Sveio, Bokn og Utsira

Styret gir administrerande direktør fullmakt til å signere avtalane etter styregodkjenning

2. Styret i Helse Fonna gir administrerande direktør fullmakt til å signere særavtalane for kommunane Etne og Vindafjord når dei er ferdig framforhandla
3. Signerte avtalar skal sendast Helse Vest RHF

### **Sak 017/16 Eventuelt Skriv og meldingar**

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

1. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 10.12.15
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 22.12.15
3. Protokoll frå foretaksmøte i Helse Fonna HF 10.februar 2016

4. Ekstern høring – utkast til Nasjonal faglig retningslinje for palliativ behandling til barn og unge uavhengig diagnose
5. Årsplan 2016 for styret i Helse Fonna HF
6. Protokoll frå Føretaksmøte i Helse Fonna HF 01.03.16
7. Oversendelse – Tilsynsmelding 20

Unnateke offentlegheit jf. Lov om helseføretak § 26a, 4. ledd

### **Sak 018/16 Forhandlingsfullmakt for lønnsoppgjeret 2016 Oppsummering**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF gjev administrerande direktør fullmakt til å føre forhandlingar innanfor den ramma som styret i Helse Fonna HF gjev.





Ref. Ingebjørg Kismul

xx.04.2016

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Sett: Helge Espelid	Medlem